

Medlemsinfo desember 2020

Det nærmar seg slutten av 2020, eit år som grunna korona, har vore heilt spesielt. Etter 12. mars 2020, då landet vart stengt ned, har det vore lite eller ingen aktivitet i mange lag og organisasjonar. Då sommaren kom såg det lysare ut, med lite smitte, men frå midten av august har smittetrykket vore stort, Det var nok ikkje så mange, som i mars 2020, trudde at dette skulle vare ut heile 2020 og vidare inn i 2021.

Kåringane i 2020 fekk ein avvikla på ein grei måte, men med restriksjonar. Det var ikkje høve til å ha publikum, noko som gjorde at kåringa ein del plassar ikkje vart det sosiale arrangementet som dei har brukt å vere. Det var 170 utstilarar som stilte 933 lam. Av desse vart 796 kåra medan 117 vart vraka. 20 lam vart kåra på dispensasjon.

Hautsamlinga som var planlagt til 30. og 31. oktober, valde styret i SFSG å avlyse grunna smittesituasjonen. Det var og vanskeleg, grunna korona, å få nokon til å komme for å holde foredrag, dersom dei måtte nytte offentleg transport.

Digitale møte

Som følgje av koronasituasjonen har fleire og fleire lag og organisasjonar teke i bruk digitale verktøy for å avvikle møte og for å oppretthalde kontakt. Dette er eit svært nyttig verktøy, som ikkje kan erstatte fysiske møter, men som nok vil verte brukt mykje, og etter at vi er tilbake til «normalen». SFSG kalla inn alle lokallaga til eit teamsmøte 8. desember. Det var gledeleg å sjå kor mange som deltok. Dette skulle vi nok ha gjort tidlegare.

Informasjon

Det har vore lite informasjon ut til lokallaga, frå NSG sentralt. Det har heller ikkje vore mykje informasjon ut til fylkeslaget, hadde det ikkje vore for at Representantskapet i NSG har hatt fleire møte (ca. annan kvar månad.), som følgje av at fylkesleiarane ønskte møte annan kvar månad. Nokre av desse møta har vore reine informasjonsmøte. Referata frå desse møta, burde vore sendt ut til lokallaga, slik at de var informert om kva som «rører» seg sentralt. Desse møtereferata + referat frå styremøta i NSG følgjer vedlagt.

Det er ei sak, Medlemskontingent, som har vore oppe i Representantskapet, som skal vidare til årsmøtet i NSG. Grunnen til dette er at ein, på styremøte i august, vart gjort merksam på at medlemskontingent som vert innbetalt etter at vi har fått overført medlemskontingent til lokallag og fylkeslag, ikkje har vorte fordelt etter vedtak i årsmøte. Heile kontingenten vart halden attende i sentralleddet. Det vil sei at kontingent innbetalt rett før kåring og for verving av nye medlemar, etter overføring av kontingent til lokal- og fylkeslag, har ein ikkje fått ei einaste krone av. Styret gjorde eit vedtak om dette for 2013, noko som administrasjonen har vidareført fram til i dag. Fordeling av kontingent er årsmøtesak, så styre og administrasjon har ikkje heimel til å gjere eit slikt vedtak.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 971 115 599

Fagsamling sau

Fagsamling sau som skulle vore arrangert 8. – 9. januar 2021, er avlyst grunna korona. Grunna stor usikkerheit vedrørande smitte og retningslinjer for arrangement, fant ein det lite hensiktsmessig å bruke tid på å planlegge eit arrangement, som ein mest truleg måtte avlysee.

Årsmøte

NSG legg opp til at årsmøte i lokallaga og fylkeslaget skal avviklast i høve Lagslovene, tross restriksjonar grunna korona, og har komme med råd for gjennomføring. **Lokallag som ønskjer hjelp frå SFSG, til å gjennomføre årsmøte ved hjelp av Teams, må ta kontakt for å avtale tidspunkt. SFSG har berre eitt digitalt møterom, så to eller fleire lokallag kan ikkje ha digitalt årsmøte samstundes med vår hjelp. Lokallaga må difor tinga dato og tidsrom hjå SFSG om dei ynskjer å nytta SFSG sin tilgang til Teams.**

SFSG legg pr. i dag opp til at årsmøte skal avviklast som eit fysisk møte, men dette vil verte vurdert fortløpande, ut frå gjeldande smittevernreglar.

Årsmøte i SFSG for 2020 skal vere **FREDAG 26. FEBRUAR 2021, på Thon Hotel Jølster, eller på Teams**. Den planlagde fagdagen laurdag 27. februar vert avlyst grunna usikkerheit rundt korona.

Saker som lokallag ønskjer skal fremjast for årsmøtet, må vere fylkesstyret i hende seinast 29. januar (1 månad før, i følgje NSG sine lagslover § 17.)

Årsmøte i lokallaga skal haldast innan 1. februar kvart år, og skal kunngjerast med minst 14 dagars varsel til medlemmane. Saklista skal og gjerast kjend for medlemmane. **Protokoll frå årsmøtet i lokallaget, årsmelding og rekneskap skal sendast til fylkeslaget innan 15. februar.** Skjemaet «Årsrapport 2020/Tillitsvalde 2021» skal sendast NSG elektronisk slik som for 2019.

Det er medlemstalet pr. 31.12.20 som er grunnlaget for tal utsendingar til fylkesårsmøtet. Leiar er sjølvskriven, i tillegg har lag med over **25** medlemmar rett på ein utsending pr. **25** medlemmar. Hugs å velje vara til utsendingane, då utsendingane skal vere valde av årsmøtet. Det er ikkje høve til å møte med fullmakt til årsmøtet, verken i lokallaget eller fylkeslaget. Vi vil og minne om at lokallag som ikkje har hatt årsmøte, ikkje har stemmerett på årsmøtet i fylkeslaget.

Uttalar frå årsmøte i SFSG

Dersom det er lokallag som har saker/tema som dei ønskjer at årsmøtet i SFSG skal gje uttale på, ber ein om at **forslag til uttale vert sendt styret i SFSG innan 21. februar 2021**. Innkomne uttalar vil verte tatt opp på årsmøtet, som eiga sak.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Innspel til Jordbrukstingingane 2021

NB! NSG sentralt har sett frist til 18 februar 2021, for innspel frå fylkeslaga, vedrørende innspel til jordbrukstingingane 2021.

Lokallaga vil også i 2021 få høve til å uttala seg om fylkeslaget sitt innspel, i løpet av januar 2021. Me håpar å få i stand eit nettmøte med lokallaga, og lokallaga kan senda inn skriftlege høyringssvar, slik som tidlegare år.

Beitesesongen 2020 m.m

Ulven som kom i 2018 er fortsatt i området. Sjølv med skadefellingsløyve, fram til lisensjakta starta, har ein ikkje klart å få avliva den, noko som har ført til at det er mange som har mista dyr. 16. desember vart beitelaga og lokallaga av Sau og Geit i «ulveområdet» kalla inn til Teamsmøte. Det var Pål Kjørstad og Per Fossheim frå Utmarksrådet i NSG, som stod bak innkallinga. Der var og med representantar frå Bondelaget og Småbrukarlaget.

Utmarksrådet i NSG, i lag med faglaga vil no jobbe saman, for å prøve å få på plass eit ekstraordinært uttak.

I Indre Sogn er det, som tidlegare, jerven som er utfordringa. Ørna eit aukande problem i stort sett heile området. Fleire melder om utfordringar med rev som tek lam om våren.

Elles, i Sogn og Fjordane, har det ikkje vore mykje tap, ut frå dei signal som vi har fått.

Mykje snø i fjellet og ein kald vår medførte sein beiteslepp dei fleste plassar. Har ikkje inntrykk av at sanketidspunktet var so mykje seinare enn normalt sjølv om beiteslepp vart seinare.

I Nordfjella-sona var det denne beitesesongen lov å bruka saltstein att på viss vilkår, i motsetning til i fjor når det kun var lov å bruka laussalt. Beitedyra har nok helde seg meir i beiteområda i år enn i fjor når dei farta rundt alle plassar på leite etter salt.

Mjølkegeit

Geitehelg 2020 vart avlyst grunna koronaviruset. Det vert jobba med å få i stand eit digitalt fagmøte med geitehaldarane i samarbeid med Tine.

Torsdag 17.12.2020 inviterte mjølkegeitgruppa til nettmøte med geitehaldarane i fylket om jordbrukstingingane 2021. Det var ikkje så stort oppmøte, men dei framkomte var engasjerte, og nettmøtet varde i om lag tre timar. Mjølkegeitgruppa utarbeider eit forslag som blir lagt fram for lokallaga og fylkesstyret.

Elles har mjølkegeitgruppa spelt inn forslag på to kandidatar til marknadsrådet i NSG. Begge kandidatane vart tildelt verv.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Gjetarhund

Gjetarhundsasjonen har vore prega av korona heile året, men med gode retningslinjer frå NSG sentralt, har vi kunna halde på nesten som normalt. Største endring var at det vart teke i bruk sluse i staden for kve på prøvane. Då vart det ingen punkt som blei berørt av deltakarane. Elles var det krav om handsprit og info om å halde avstand. Alle arrangement vart loggført med tanke på smittesporing.

Ut i frå dette var det faste fellestreningar i heile fylket. Kurs som fyrst vart avlyst, vart seinare avvikla på sommar og haust. Til tross for året i år, har aktiviteten vært bra.

Fylkesmesterskapen vart i år avvikla på Sandane av Nordfjord gjetarhundlag. Halvor Tenden vart årets fylkesmeister med hunden Adam

NM i bruk av gjetarhund var i år i Rogaland. Halvor Tenden representerte Sogn og Fjordane med sine to hundar, Trixie og Adam. Det vart 52. plass og 53. plass.

Ønskjer alle medlemmane ei fortsatt riktig god jul og eit godt nytt år.

Styret i SFSG

Postadresse:
Ragnhild Sæle
Stranda 57
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342
E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 971 115 599